



Jan Roar Storesund
Jovikvegen 60
4276 Veavågen

Kontakt saksbehandlar

Maria Terese Creighton, 51 56 87 84

Forvaltningsmelding - søknad - tiltak i sjø - Karmøy 3/254 - Veavågen - Jovikvegen Østhus - utfylling plastring - endring molo

Statsforvaltaren har den 04.07.2023 motteke søknad om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved eigendom med gnr./bnr.3/254 i Karmøy kommune.

I søknaden kjem det fram at saka ikkje er planavklart, og at kommunen ynskjer at søknadsplikta etter forureiningslova er avklart i forkant av deira slutthandsaming. Utfylling i sjø kan medføre negative konsekvensar for miljøet. Løyver i samband med tiltak i sjø vil difor krevje ei vurdering etter forureiningslova.

Me gjer merksam på at søknader som ikkje samsvarar med gjeldande plan ikkje vert behandla før planen er godkjend frå planmyndigheit eller at det føreligg ein dispensasjon jf. forureiningslova § 11 fjerde ledd. Vår vurdering av tiltaket etter forureiningslova vil difor gjerast når endeleg planavklaring (frå kommunen) er vedteke. Me ynskjer at dykk sender oss kopi av den endelege planavklaringa når denne er klar.

Pga. stor saksmengd ved embetet kan ei sakshandsamingstid på ca. 3 - 6 månader forventast. Me gjer merksam på at det vert teke gebyr for behandling av søknader om nye løyve og endringar i eksisterande løyver, jf. forureiningsforskrifta kapittel 39. Ved fastsetjing av gebyrsats skal forventa ressursbruk knytt til sakshandsaminga leggjast til grunn. I ei slik sak kan eit gebyr mellom gebyrsats 6 - 8 forventast.

Dersom det vert behov for innhenting av fleire opplysningar i saka, vil de verte kontakta. Me ber samstundes om at referansenummer 2023/4840 vert oppgjeve ved kontakt.

Med helsing

Maria Terese Creighton (e.f.)
rådgiver



Kopi til:
FIMBUL AS

Fjellvegen 13B

5694

ONARHEIM